

## **Saksprotokoll i utval for miljø og samferdsel - 20.04.2017**

**Jon Askeland (Sp)** sette på vegner av Sp, A, KrF og SV fram slikt oversendingsforslag (a) til fylkesordføraren:

«Utval for miljø og samferdsel ønskjer at deler av mindreforbruket i 2016 vert nytta til dekkelegging på fylkesvegane, og ber fylkesordføraren koma tilbake med sak på dette. På denne måten løyser ein utfordingane for dekkelegging til Sykkels-VM, og me viser elles til prioriteringslista til Statens vegvesen og vil spesielt peika på forfallet på det øvrige fylkesvegnettet.»

**Jon Askeland (Sp)** sette på vegner av Sp, A, KrF, SV, H og V fram slikt forslag (b):

1. «Fylkesutvalet tar Statens vegvesen sitt dekkeprogram for 2017 til orientering.
2. Fylkesutvalet har ikkje innvendingar imot at det kan omprioriterast innafor Bergen til fordel for strekninga Allehelgensgate-Småstrandgaten-Bryggen, slik at Sykkels-VM får ein tryggare trasé.
3. Fylkesutvalet viser til oversendingsframlegg til fylkesordføraren, og vil be om at det vert arbeidd vidare for å finna midlar til auka dekkelegging.»

### **Røysting**

Askeland sitt forslag (b) vart vedteke som innstilling til fylkesutvalet mot 1 røyst (MDG).

Fylkesrådmannen sitt forslag fekk 1 røyst (MDG) og fall.

Askeland sitt forslag (a) vart mot 1 røyst (MDG) vedteke oversendt på vegner av forslagsstillerane utan realitetsbehandling.

### **Innstilling til fylkesutvalet**

1. Fylkesutvalet tar Statens vegvesen sitt dekkeprogram for 2017 til orientering.
2. Fylkesutvalet har ikkje innvendingar imot at det kan omprioriterast innafor Bergen til fordel for strekninga Allehelgensgate-Småstrandgaten-Bryggen, slik at Sykkels-VM får ein tryggare trasé.
3. Fylkesutvalet viser til oversendingsframlegg til fylkesordføraren, og vil be om at det vert arbeidd vidare for å finna midlar til auka dekkelegging.